



Søknadsskjema  
**FØLGJEKORT**

Namn (med blokkbokstavar)	
Adresse	
Postnr. Poststad	
Fødselsdato	Bustadkommune
Telefon privat	Telefon skule/arbeid

Type funksjonshemming:
Grunngjeving for søknad om følgjekort:

Voss, den ..... Søklar si underskrift ..... Evt. føresette/hjelpeverje si underskrift

Vedlegg: Passfoto  
 Uttale frå primærlækjar/ spesialist eller helse og omsorg om trongen for følgjekort.

Søknaden vert å senda til:  
 Voss kommune, postboks 145, 5701 Voss

For tildelingskontoret:

- μ Kopi i retur. Søknaden vert godkjend. Godkjenninga gjeld til .....  
 Følgjekortet kan hentast i servicetorget om ei veke.
- μ Kopi i retur. Søkjaren stettar ikkje kravet til følgjekort. (sjå vedlegg)

Dato ..... underskrift

# Følgjekort nr. XXX



Voss  
Kommune



Namn: XXXXX XXXXXXXX  
Adresse: XXXX XXXXXXXX  
XXXX XXXXXXXXXXXXXXXX

treng følge.  
Kortet gjeld til XXXXX

Eigar av dette kortet får høve til å ha følge med seg gratis inn på dei stadene som aksepterer følgjekortordninga. Korthaldaren sjølv betaler gjeldande billettpris.

Følgjekort /  
ledsagerbevis



.....  
Dato

.....  
Signatur

## RETNINGSLINER FOR FØLGJEKORT/ LEDSAGERBEVIS

---

Kven kan søkja:

Psykisk og fysiske funksjonshemma som har behov for følgje, kan søkja. Det vil normalt gjelde følgjande hovudgrupper av funksjonshemmingar:

- flytningshemming
- høyrselhemming
- synshemming
- psykisk utviklingshemming
- skjult funksjonshemming som for eksempel alvorlege psykiske lidingar, hjarte/lungesjukdomar, allergiar, etc.

Det skal ikkje føretakast økonomisk behovsprøving i samband med søknaden og ordninga er ikkje knytt opp til om vedkomande er trygda.

Ordninga skal gjelde for personar med varig funksjonshemming. Det vil seie at sjukdomsperiodar ikkje kvalifiserer for følgjekort. Som varig vert å rekna funksjonshemming som varer i minst 2-3 år, men kravet til varig kan ved konkret vurdering fråvikast i einkilde høve. Dette vert det opp til utskrivande myndigheit å vurdere. Svekket helsetilstand pga. høg alder kvalifiserer ikkje automatisk for kundekort.

Nedre grense for følgjekort er 8 år.

Brukaren må vere registrert i folkeregisteret på Voss for å kunne få følgjekort. Søknad vert å sende til helse- og sosialkontoret på fastlagt søknadsskjema. Søknadsskjema får ein ved å vende seg til helse- og sosialkontoret, eller kundetorget i Tinghuset.

Det må søkjast på fastlagt skjema som inneheld følgjande opplysningar:

- namn, adresse, telefon
- bustadkommune
- fødselsdato
- type funksjonshemming, sjå ovanfor
- stad, dato og underskrift (evt. hjelpeverje)

Med søknaden må det liggja ved eit passbilete og dokumentert behov for følgje frå primærlege, legespesialist, offentleg godkjend helseinstitusjon eller helse- og sosialetaten.

Det må liggja føre openberr trong for hjelp for å kunne delta på offentlege kultur- og fritidsarrangement samt å nytte offentlege transportmiddel. Den funksjonshemma sin trong for følgje kombinert med tilgjenge til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel, vil vere avgjerande.

Følgjekortet gjeld for inntil 4 år og siste bruksdato vil vere påført kortet.